


Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



Ein av båtane som høyrer til Skjergardsheimen, her på veg ut for å trekkje garn.
Årsmøtereferat på siste side



I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Status for Blomvåg kyrkje
Pinse v/ prost Erling Kopperud
Konfirmasjon

Side 4
Side 5
Side 6 og 7



Kva er det som hender når me samlast til gudsteneste?

I heftet «Høymessen - den fortapte sønns liturgi» (1967/1978) har den svenske domprosten Per-Olof Sjögren (1919-2005) gjeve oss eit interessant perspektiv på kva ei gudsteneste er - og korleis ho skal vera.

Seks stasjonar

Jesu likning som me les i Luk.15,11-32 er velkjend. Den bortkomne sonen var:

1. Heime hjå Gud.
2. På veg bort frå Gud.
3. Heilt borte frå Gud.
4. I ferd med å koma til seg sjølv.
5. På veg heim.
6. Heime att hjå Gud.

Oppsøkt av Heilaganden

Sjögren skildrar korleis Heilaganden oppsøker han som hadde sett alt over styr i det framande landet og kallar han til å koma heim til Farshuset.

«Då gjekk han i seg sjølv»

seier likninga. (15,17) Han legg ut på heimveg. Det å vera på kyrkjeveg kan verta det same! Så tek gudstenesta til, med *Inntog og Synsvedkjening*: «**Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger.**» (15,21)

Faren sin reaksjon

Mottakinga heime vert helt annleis enn sonen hadde venta. Han ville bare be faren om å få vera ein av leigekarane hans, (15,17) men: «**Finn fram dei beste kledda og ha på han, og lat han få ring på fingeren og skor på føtene. Hent så gjøkalven og slakt han, og lat oss halda måltid og vera glade. For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkomen og er atfunnen.**» Og så tok glede til.» (15,22-24)

Difor er det at gudstenesta held fram med *Kyrie* (Bartimeusbøna, **Luk.18, 38-39**) og så *Gloria* (Lovsong) over at vår Far i Himmelen tek imot oss syndarar. I *Tekstlesing* og *Preike* talar Han med oss for å halda oss «på plass» i Farshuset, og i *Bøn* og *Forbøn* får vi tala med Han om det som ligg oss på hjartet. I *Eukjaristien* (eit anna ord for nattverd; ordet tyder lovsong, takkseing) held så vår Far gledes- og festmåltidet med alle søner og døtre som er heimkomne.

At altarringen er halv, minnar oss på at det samstundes er dekt til fest i «ein annan dimensjon»! I *Velsigning* og *Utsending* vert me så "sett til arbeid" på garden!

«Og så tok glede til.»

Difor kallar me vår gudsteneste «Den Store Lovsongen». Jesus, som fortel denne likninga er jo sjølv den som sender ut Heilaganden for å kalla oss saman «på heimveg», til *fest* i kyrkjelyden - og til sist i Himmelen.

I dette perspektivet samlast me til gudsteneste! Bli med!

*Syng for Herren, hele verden!
Alt som lever, rop med fryd!
Alle folk, bli med på ferden
Til hans hus med jubelld!
Tjen med glede Herren stor!
Lov hans navn og lyd hans ord!*

*Vi er hans, han ga oss livet,
Kalte oss av intet frem,
I sin Sønn han har oss givet
Barnerett og faderhjem.
For din skyld og til sin pris
Før han oss på hyrdens vis.*

*Gå da inn i Herrens tempel!
Full av fryd er denne gang.
Følg det himmelske eksempel:
Fyll hans helligdom med sang!
Han er trofast, mild og sterk,
Evig står hans ord og verk!*

(Franck/Smemo)NoS 570
sokneprest@kyrkja.net



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgevar: Hjelmelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- innan kommunen
Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kantor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kantor@kyrkja.net

Kyrkjelydspedagog:

Trine Overå Hansen
E-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
Telefon: 5638 2247

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/990 16 616

Kyrkjjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197
Klokkar i Blomvåg: Ole Vik

Kyrkjjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelmelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelmelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Hjelmelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Atle Dávøy

Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

MIN SALME *av Alis Rong*



*No soli bakom blåe fjell sitt ljose
andlet gøymer,
Og mørkrer over heimen fell, og jordi
ligg og drøymer.
Gud, lat di åsyn lysa ned,
så heilag fred inn i vårt hjarta
strøymer.*

*Kom, Jesus, inn og med meg ver når
det til kvelden stundar!
Og lat din engel standa her ved
lægjet når eg blundar.
Og vara vel min kvilestad!
Og vekk meg glad til song
med fugl i lundar!*

Då eg var lita jente, vart eg tidleg introdusert for eit rikt utval av salmar. Det var mykje song i heimen då eg vaks opp, og eg var ofte med foreldra mine på møte i be- dehuset på Rong. Det kunne verta lengje å sitja i ro for ei lita sjel, men tanken på at me snart skulle syngja, gjorde det lett å halda ut. Det var absolutt det kjekkaste -å ta fram songboka, for der hadde eg alt mine favorittar. Far min var, då som no, særst glad i Elias Blix sine salmar, og song ofte for oss på sengekanten når me skulle leggja oss. 'No soli bakom blåe fjell' har fylgd meg på ferda gjennom livet. Det var helst andre verset som vart nytta som godnattsong. For meg vart det eit ritual som representerte noko trygt og godt, og som eg berre måtte ha for å sovna.

Eg har vald å ta med berre dei to første versa, då eg synest det er dei beste. Dei siste versa kan verka litt 'tunge' og dreg songen litt ned att, men det er mi personlege meining. Som vaksen ser eg verkeleg for ein vakker tekst dette er, og saman med den fine og enkle tonen til Lindeman, er dette ei lita perle av ein salme, eller kveldsong om ein vil.

Eg utfordrar Kjell Døskeland til 'Min salme' neste gong.

Gamalt bilete frå Øygarden



Glade gitar og jenter i 1976. Framme ser me tvillingane Tove og Kari Dale, Margunn Dale og Irene Blom. Bak: Terje Blomvågnes, Torolf Husebø og Martin Blom.

Fotoeigar : Aslaug Husebø

Eldretur tysdag 15. juni

Meld deg på ein flott tur til Stord denne dagen!

TIDE-buss med Svein Bjarne Aase som sjåfør startar frå Hellesøy kl 0800.

Prisen er sett til 400 kr.

Påmelding innan 1. juni til –

Kyrkjekontoret	5638 2240
Jarle Dale	5638 7338
Kjell Døskeland	9903 7838

Arrangør er kyrkjelydane i Øygarden i samarbeid med Si-reiser.

Nytt frå kyrkjeverja

Status for rehabiliteringa av Blomvåg kyrkje

Det omfattande arbeidet er godt i gang. Det har vore ei utfordring å stoppa innsig av vatn i blindkjellaren, men det ser ut til at dette problemet no er løyst.

I kommunestyremøte 29. april vart det samrøystes gitt grønt lys for å søkja om eit lån på 3,2 mill., bygd på

rentekompensasjonsordninga frå regjeringa, for snarast å få kyrkja ”operativ” igjen. Lånemidlane skal m.a. gå til nytt golv og nytt utvendig tak. Det vart også i det same vedtaket gitt høve til å bytta ut benkane med stolar. Søknad om dette er gått til biskopen i Bjørgvin, kyrkjekonsulent og riksantikvar.

Går arbeidet som vi har planlagt, er det håp om å få opna kyrkja att i løpet av august.

Fellesrådet vil takka politikarane i Øygarden for den store velviljen dei har synt i denne saka.



Slik ser det ut i kyrkja. 20. mai 2010

Utstyr til gravferd

I kyrkjene har vi med tanke på pynting til gravferd m.a. kjøpt inn lysestakar og båreteppe (Det som blir plassert under kista). Dette kan lånast gratis til gravferdsseremonien. Sjå elles orientering på nettsidene: www.kyrkja.net, <http://www.kyrkja.net/gravf.htm>. Dette kan pårørende ta opp i sorgsamtale med prest og i møte med gravferdsbyrå.

Justerte satsar for kyrkjelege avgifter i Øygarden, vedteke av Fellesrådet

Festeavgfter:

- Ny gravstad for dei som bur i kommunen: Gratis dei første 20 åra. Vidare kr 500,- for kvart 20. år. (Uendra).
- Festeavgift for reservert grav eller festa gravstad ved sida av gravlagt ektefelle: Kr 500,-. (Nytt)
- Gravferdsavgift for personar busette utanfor Øygarden prestegjeld og som har medlemskap i DNK: Kr 2700,- inkl. festeavgift for dei første 20 åra. (Justert)

I tillegg kjem honorar til prest. Honorarkravet vert sendt frå bispedømekontoret. (Nytt)

Utleige av kyrkja:

- Utleige av kyrkja til vigsel, gravferd, gudstenester eller likande for personar som

ikkje er medlemmer i DNK: Kr 1.700,-. (Uendra)

Dersom det er ønskeleg å nytta kyrkjelege tilsette, vert det kravd refusjon for lønsutgifter etter gjeldande tariff. (Uendra)

- Utleige av kyrkjelydssalen og kjøken i Hjelme: Kr 500,- (Nytt)
- Utleige av kyrkja til kommersielle konsertar: 10% av billettinntektene, eller minimum kr 1000,-. (Justert)

Anna:

- Ved vigsel for personar som ikkje er busette i Øygarden prestegjeld, kjem det leige av kyrkja på kr 1.700. I tillegg må det betalast honorar til prest. Honorarkravet vert sendt frå bispedømekontoret.

Pinse *Av prost Erling Kopperud*

50 dager etter påske viser kalenderen pinse. Pinsen er festen for Den Hellige Ånds komme og ordet pinse kommer av det greske ord ”pentekoste”, som betyr den femtiende.

Kirkens fødselsdag

I pinsen feirer vi Den Hellige Ånds komme og den kristne kirkes fødsel. De første menighetene har sitt utspring i pinsebegivenheten. Derfor kaller mange også pinsedagen for kirkens fødselsdag. I Det Nye Testamente fortelles hvordan Den Hellige Ånd ti dager etter Jesu himmelfart kommer over apostlene, som var samlet for å feire den jødiske pinsefest. (Opprinnelig var pinsen en jødisk fest som markerte avslutningen på påsken og minnet om mottakelsen av de ti bud på Sinai, der Moses fikk lovens to tavler.) På merkelig vis blir de i stand til å forstå og tale alle mulige språk, og deretter gikk de ut i verden for å forkynne budskapet om Jesus Kristus (Apostlenes gjerninger kapittel 2).

Pinse og Den Hellige Ånd

Som kirkelig høytid er pinse feiringen av Den Hellige Ånds komme til verden. Bortsett fra pinseberetningene i Apostlenes Gjerninger, er ikke den bibelske omtale av Den Hellige Ånd like konkret som de fortelinger som ligger til grunn for jul og påske.



Både det hebraiske og det greske ord for ånd betyr egentlig vind, pust og livsånde. Det brukes om menneskers og dyrs åndedrett. Likhetspunktet mellom vind og ånd er det uimotståelige, overmektige, hemmelighetsfulle og ubegripelige. Jfr. Jesu ord i Joh 3,8: Vinden blåser dit den vil, du hører den suser, men du vet ikke hvor den kommer fra, og hvor den farer hen. Slik er det med hver den som er født av Ånden. Som vinden blåser dit den vil, er Ånden Guds frie gjerning. Aldri kan den fanges inn eller ved menneskelige handlinger. Ånden er alltid fri og ubundet, men samtidig er Ånden knyttet til Jesus og hans frelsesverk. Vi kan ikke finne den hvor det passer for oss, men bare ta imot Ånden i det ord og de handlinger som Gud har valgt for å tale til oss og handle med oss, nemlig Kristi ord og gjerninger.


Som en hjelp til å tolke hva Den Hellige Ånd er og betyr i den kristne tro, henter vi fram tre eksempler fra kirkearven: Martin Luther, Johan Nordahl Brun og Kaj Munk

Luther sier i sin lille katekisme:

”Jeg tror at jeg ikke av egen fornuft eller kraft kan tro på Jesus Kristus, min Herre, eller komme til ham. Men Den Hellige Ånd har kalt meg ved evangeliet, opplyst meg, helliggjort meg og holdt meg fast i den sanne tro...”

Salmedikteren Johan Nordahl Brun gir denne beskrivelsen av hva Den Hellige Ånd er og gjør:


*Ånd over ånder, kom ned fra det høye,
Evig med Fader og Sønnen én Gud!*



*Kom, du som sjelene sammen kan føye,
kom og gjør rede den himmelske brud!
Kalle, forsamle og Jesus forklare,
bygge Guds kirke, opplyse hans folk,
det er din gjerning, la oss den erfare,
kom, du Guds kjærlighets mektige tolk!
(Norsk salmebok nr. 217, vers 1)*

I en preken fra 1941 skriver den danske dikter-presten Kaj Munk:

”Den Helligånd er jo en del af Gud selv, der er henede på jorden. Ja, hvad nytter det med forklaringer? I det øjeblik, vi nævner ordet ånd, er vi ude over, hvad ordene magter. Der er nogen, der mener: Hvad der ikke har hjemme i sproget, har hjemme intetsteds! Det er ikke rigtigt. Verden er mere end mennesket, og mennesket er mere end sin egen tale. Fra hvad der ligger ud over mennesket, kom der bud til mennesket pinsedag...”



Til slutt vil vi ta med oss inn i pinsehelgen et Pauli ord fra **Ef.4,3-6**: *Legg vinn på å bevare Åndens enhet, i den fred som binder sammen: Ett legeme, én Ånd, likesom dere fikk ett håp da dere ble kalt, én Herre, én tro, én dåp, én Gud og alles Far, han som er over alle og gjennom alle og i alle.*

Konfirmasjon i Kenya

Beste gutten i klassen!.....og den dårlegaste.... og på alle plassane imellom! Slik blir det når ein er den einaste eleven.

Søndag 28. mars var ein stor dag, då det var konfirmasjon i Nairobi. Dagen kom med solskinn (om det er regntid nå) og salen var nydeleg pynta med mange roser frå ein gård i nærleiken.

Einaste konfirmant var Christophher. Hans "overhøringsoppgåve" var å vere aktivt med i planlegginga av gudstenesta. Han hadde valt ut alle bibelteskstane (etter liturgiboka for dnk) og songane for gudstenesta med hovudtekst frå Matt 7 - om huset bygget på fjell. Denne gudstenesta var forma etter norsk konfirmasjonsliturgi, men det meste av gudstenesta måtte foregå på engelsk slik at alle kunne forstå. Så før konfirmasjonsgudstenesta måtte han oversette dei norske bønene i liturgiboka til engelsk. (Han fuska litt på eit par bønener som han henta frå ELCK, Evangelical Lutheran Church of Kenya, liturgi om konfirmasjon). Christophher hadde også laga ein flott power-point presentasjon med bibeltekstane og

songane som viste gangen i gudstenesta. Presten Rune Mjølhus tala på engelsk og norsk til stor glede for gjester frå Noreg og familie og vener i Kenya. Ramma rundt denne konfirmasjonen vart ei utruleg sterk oppleving, der ramma var utforma av ein konfirmant som er glad i Jesus. Etter sjølvfe forbønnsdelen fekk han overrakt eit kors frå Dnk i Øygarden.

Overraskinga vart stor for David, som går i 5. klasse då han vart kalla fram og fekk overrakt Bibelen frå Øygarden kyrkjelyd. Takk til kyrkja for gåvene! Etter avslutta gudsteneste vart alle invitert til samling med middagsbuffe og påfølgjande dessert-/kakebord. Ca 60 stk deltok og dette vart ei festdag med utrolig flott opplevingar for konfirmant, foreldre og oss gjestane.

Bodil H Øpstebø/ Turid A

GÅ INN I CM MED ULTRA MUSKELSTIMULATOR



Ved bestilling av 10 behandlingar
kun kr. 2990,- (ord.4500,-)
ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE



Bergen & Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Elin Mikkelsen
Berntsen



Heine
Polden



Tom
Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Vest Modul AS 5336 Tjeldstø



- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleie av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø

Konfirmasjon i Øygarden 2010



Konfirmasjon
2. mai kl. 11.00

Konfirmasjon
8. mai kl. 10.30



Konfirmasjon
8. mai kl. 13.00

Konfirmasjon
9. mai kl. 11.00



5. kl.- leiren 2010

Mykje kjekt og lærerikt på leir!

19-21 mars var vi samlet en hel gjeng til leir på Skjærgardheimen. Fredagskvelden hadde vi mange kjekke leker, hvor vi ble bedre kjent med hverandre.

Lørdagen gikk med til masse lek og moro, vi hadde sporløp, så film, aktiviteter, hobby og en heidundrenes leirkveld =>

Gjennom leiren fikk vi også lære mer om Paulus fra Bibelen, og bli minnet om hvor verdifulle og høyt elsket vi er av leirens hovedperson: Jesus!

Neste leir håper vi at også du vil komme, for leir er utrolig GØY=>

Hilsen Teamet; Åshild, Synnøve, Harald og Ole Petter



Så ler vi litt...

Naturfag står på timeplanen, men Per er mest opptatt med sine egne tanker. Brått spør læreren: - Kva er inne i cellene?

- Tja, svarer Per – det må vel for det meste vera tjuvar og kjeltringar!

Storesyster er begynt på skulen og kjem heim og vil undervisa veslebroren. Faget er matematikk. Kva er ein + ein? Veslebroren ser ut som ein spørsmålsteikn.

Så set storesystera opp tommelen og seier: Her er ein – så strekkjer ho ut peikefingeren og sei

- her er ein – kva blir det? Då lyser veslebroren opp og svarar: Pistol!!

Bestemor underviser barnebarnet om slekta. Ho viser bilete som heng bortetter veggen. Bestemor peikar - her er oldefar og oldemora mi, dei er tipp-oldeforeldra til faren din – så er dei tipp-tipp-oldeforeldra dine...

Storesystera kjem inn i rommet og den vesle på armen til bestemora ropar glad: - Kom Marit, sjå... – der heng oldehøno mi!!

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Kjekt på dåpsskulen

Førskulebarna får lekser om Jesus!



På dåpsskulen får 6-åringane høyra om Jesus, synge songar og laga noko fint som dei får ta med seg heim. Og så er det stas å få lekser! Til kvar gong skal borna nemleg læra eit minneord og teikna noko. Så får dei sette leksene inn i permar som dei får i kyrkja. Ellers



tek vi oss kvar gong tid til ein prat og kosar oss med saft og kjeks, og kaffi for dei vaksne.

Det er Solveig Rob frå NLM saman med Trine Overå Hansen frå kyrkja i Øygarden som leier dåpsskulen. Det er jammen kjekt å vera i lag med desse flotte borna som snart skal byrje på skulen. Borna synes det er interessant å få læra meir om Gud og Jesus, og stiller mange gode spørsmål til leiarane. Og dei er veldig ivrige når det er tid for hobbyaktivitetar, for kvar gong lagar vi noko som passar til det vi har fått høyre om. Borna får også omvising i kyrkja og får tenna kvar sitt lys i lysgloben. Dette skal minne oss om at Jesus er det store lyset i midten som gjev flamme til alle dei små lysa, som representerer oss menneske rundt i verda.

På avslutninga under gudstenesta 21.mars deltok dåpsskulen med eit opptrinn med flott song, og alle fekk utdelt boka "Den usynlege venen".

Eigentleg skulle vi vera i Blomvåg i år, men på grunn av oppussinga vart det Hjelme slik det har pleidd å vera. Vi vil så gjerne at fleire skal melde seg på, for vi har det så

kjekt i lag! Vi har lurt på å dele dåpsskulen opp på 2 dagar i staden for 4, og sjå om det kan hjelpe. Kom gjerne med innspel som kan gjera meir aktuelt for deg å ta med deg din 6-åring på dåpsskulen neste år!

Tekst og foto: Trine Overå Hansen



Ungdomstinget 12. – 14. mars 2010



For første gong hadde Øygarden utsending til Ungdomstinget i Bjørgvin. Ungdomstinget er ein gylden sjanse for ungdommar til å påverke kva som skjer i bispedømet. Det ungdommane vedtek vert vidareformidla til bispemøtet og alle kyrkjelydane i Bjørgvin. Lars Martin Vik frå Knappen i Øygarden som sa seg villig til å stilla som delegat for Blomvåg kyrkjelyd. Og her har Lars Martin laga ein rapport til Øynytt frå Ungdomstinget 2010:

Av Lars Martin Vik

12. mars dro eg på ungdomsstinget på Dyrkolbotn i Nordhordaland. Der samlast ca 30 ungdommar for å drøfte saker i Bjørgvin bispedøme. Temaet var ansvar og fellesskap med vektlegging på å få ungdommar inn i kyrkja. Kvar delegat kunne stemme på resolusjon og vedtak som vart sendt til bispedømet. Etter mange timar i diskusjon vart me delvis einige, og kunne avslutte lørdagen med sang og kos. Eg lærde utruleg mykje, og satt igjen med ein god følelse på vegen heim.



NAV Øygarden har behov for utleigebustad både til einslege og familiar med / utan barn.

Kommunen skal også ta imot

flyktningar komande år. NAV Øygarden oppfordrar difor særleg dei som ynskjer å leige ut til flyktningar om å ta kontakt med bustadkonsulent Britt-Åse Reme. tlf.99216107/ 815 81 000.

**Kjøp
kjapt,
trygt
og billig**
**KIWI mini
pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjoner og andre
tilstellingar.

Kan levere mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Barneleiarkonforanse *Tekst: Trine Overå Hansen*



*Hordalandsgjengen på Barnelederkonferansen
Foto: Nils Arne Lavik.*

Øygardsgjeng på kurs i Oslo På barneleiarkonferanse trass vulkanutbrudd

16.-18. april hadde ein ganske stor gjeng frå Øygarden meldt seg på "Verdens viktigste –Barneleder 2010" i hovudstaden. Vi hadde gledd oss i lang tid, og bestilt både konferansebiletter, flybiletter og hotell. Så skjedde det utrulege; ein vulkan på Island hadde utbrudd og spydde oske heilt bort til oss, og eit par dagar før planlagt avreise forstod vi at det spøkte for heile turen. Men Øygarðingar let seg ikkje stoppe så lett! Nokre SMS-ar og telefonar, og vi fekk fordelt oss på bilar og tok fatt på den lange vegen til Oslo for å få med oss denne kjekke konferansen.

Eldretreff på Tednebakkane



På ei av samlingane dette året gledde musikklassen på Bildøy bibelskule oss med frisk song. Vi set svært stor pris på at ungdom kjem og syng for oss på denne måten. Det er framleis plass til fleire på samlingane våre, så til deg som ikkje har vore med oss enno: Hjarteleg velkommen!

Eldreturen dette året står omtalt på side 3.

Så dei aller fleste kom seg likevel av garde, og godt var det, for dette vart ei virkelig inspirerende og nyttig helg for oss alle. Dei heldige som var med på opninga fredags kveld fekk høyra den alltid like inspirerende TV-pastoren Egil Svartdahl og pop-stjerna Christian Ingebrigtsen frå A1 fortelja om trua og kva Gud betyr i kvardagen. Det var frisk lovsong heile helga leia av NLM sitt omreisande team, og med over 1000 deltakarar i salen, stod songen i taket frå byrjing til slutt.

Det var rørende beretningar, morsomme innslag og interessante foredrag og talar frå representantar frå fleire ulike

kyrkjesamfunn. Søndagsskuleforbundet hadde med seg ein pilotepisode på ein rykande fersk TV-produksjon, "Tårnagentene", som skal gå på NRK i jula. Lørdag og søndag var det også ulike seminar som var skreddarsydd for det dei einskilde kunne ha mest nytte av. Særleg imponerte Oslo Soul Children som avslutta helga med ei flott song-gudsteneste med imponerende solistar, rein og kraftig song til fengende rytmar.

Mykje sosialt vart det også, med restaurantbesøk på kveldane og god prat i bilane heile vegen. Då vi nesten var heime hadde vi ein siste stopp på bensinstasjonen like ved Voss... Og i den eine bilen som hadde køyrt med elektronisk guide på dash-bordet heile vegen, fann dei ut at no var det trygt å slå av GPS-en. Men etter ein halv times tid, då vegen vart svingete og rar og Voss sentrum aldri dukka opp, lukta dei ugler i mosen. Dei fekk endeleg snudd og slukøra ringt dei andre og sagt ifrå at dei hadde dratt på sightseeing til Hardanger denne seine søndagsnatta..

Soga om mor mi



av Else Sigrud Austbø

Dette er først og fremst ei bok som handlar om ekteparet Elida og Sigvald Torsvik. Der Elida vaks opp på Rong og Sigvald på Torsvik. Me får innblikk i oppveksten til Elida i Geila på Rong frå 1909 til 1934, og seinare når ho giftar seg og flyttar til Torsvik i 1934. Her er mange personlege skildringar med alvor og skjemt. Det er interessant

lesing for både dei som kjenner seg att i livet tidleg på 1900-talet og for oss som har ein heilt anna oppvekst. Det same slitet og levemåten finn ein nok att i heile kystkulturen og boka gjer difor at ein identifiserer seg med mykje den omtalar. Boka kan lånast på biblioteket og på kyrkjekontoret.

17. mai i Øygarden



Bilde 1-3: Frå 17. maifeiringa på Nordre Sæle og Alvheim.

Bilde 4-7: Frå 17. maifeiringa i Blomvåg.



Kortnytt frå KPK

Ny storfilm om skapinga

En ny storfilm om skapingshistoria skal no produserast i 3D-teknologi, melder Familie & Medier. Paramount Pictures og Walden Media er saman i planlegginga av filmen som tar utgangspunkt i skapingsforteljinga slik den står i første Mosebok.

Walden Media, kjent frå blant anna Narnia-filmene, er initiativtakarar til prosjektet. Den kjende regissøren David Cuningham er knytt til produksjonen. Filmskaparane håpar filmen vil trekkje det same publikummet som strøymde til "Løven, heksa og klesskapet". Manuset er allereie skrivne ferdig. Budsjetten for filmen ligg på over 200 millionar kroner. KPK

Samarbeid i Mali

I 2009 tok Misjonsselskapet (NMS) initiativ til eit samarbeid med Misjonssambandet (NLM) og Normisjon om utviklingsarbeid i Mali. Representantar for dei tre organisasjonane møttest i februar til planleggingsmøte i landet. NMS, Normisjon og NLM skal samarbeide om eit program, kor dei har egne prosjekt underordna programmet. Programmet har tre såkalla fokusområde: Kvinner sine rettar, natur og ressursforvaltning og styrking av lokaldemokratiet. Alle dei tre organisasjonane vil arbeide gjennom lokale utviklingskomitéar. Desse komitéane består av representantar frå landsbyane som ønskjer å delta i utviklinga av sitt lokalsamfunn. Det vil medverke til lokalt eigarskap til prosjekta. KPK

Ny hovudsalmebok i eitt bind

Kyrkerådet vedtok i møte 12. mars at det skal koma ny hovudsalmebok i eitt bind. Eit alternativt forslag om å halda fram med noverande Norsk Salmebok frå 1985 og heller gi ut ei ny tilleggssalmebok, fekk berre røysta til forslagsstillaren. Ein tidlegare plan om å gi ut ny salmebok i to bind, blei lagt vekk etter at ei omfattande høyring vende tommelen ned for prosjektet. KPK

"Geistlege" og "leke"

Biskopane i Den norske kyrkja seier i en uttale frå sitt vårmøte at omgrepet "lek" er lite eigna til å sonde mellom ulike grupper i kyrkja. Dei viser til at ein i tradisjonell kyrkjeleg språkbruk gjerne har skilt mellom biskopar og prestar som "geistlege" og andre kyrkjemedlemmer som "leke". I samband med innføringa av nye vigsla tenester i kyrkja har det vore diskutert om dei skal forståast som "geistlege" eller "leke". Spørsmålet er om "lek" betyr at ein ikkje er vigsla til prest, eller at ein ikkje er vigsla i det heile tatt. Biskopane konstaterer at den kyrkjelege språkbruk her er uryddig. Blant anna i reglane for val til bispedømmeråd er vigsla diakonar, kateketar og kantorar rubriserte som "lek kyrkjeleg tilsett". I same regelverk blir vigsla prestar som ikkje er i teneste i ein kyrkjelyd, forstått som leke.

Bispemøtet tilrår difor at ein i staden brukar omgrep som meir presist gir uttrykk for kva ein vil seie noko om, til dømes ved å snakke om "vigsla og ikkje-vigsla stillingar, "prestar og andre tilsette" osv. KPK

Nytt fra Sanden i Mali

Menighetsarbeid

Påskan ble ekstra spesiell for oss i år da Sosaba (passejenta vår) ble døpt første påskedag. I en nymalt kirke fullsatt av festkleddede mennesker ga hun og to andre livet sitt til Jesus.

Sosaba har gått i kirken det siste året, og vært med på dåpsundervisning. Samtidig har hun fortsatt å gå med en ring som hun fikk da hun var syk for to år siden. En sånn type ring er et tryllemiddel, og skal gi beskyttelse. I Mali er det veldig mye frykt, for sykdom, for andre mennesker, for spesielle trær, hendelser og mye mer. Og mot alt dette kan en skaffe seg



tryllemidler som skal beskytte. Det være seg ringer, smykker, amuletter, eller å ofre et dyr. Trollkvinnen Mariama i Gao (en landsby 20 km fra Oussoubidiagna) har mye makt, og folk kommer langveis fra for å treffe henne. Men i alle landsbyer er det flere maraboer eller «trollmenn» som kan hjelpe med sånne ting. Og så lenge de som sier at de vil tro på Jesus går med slike amuletter, viser de at de ikke setter sin fulle lit til Jesus som sine frelser. Derfor var vi ikke helt sikre på om Sosaba mente alvor. Men mandagen før påske tilkalte hun lederen i menigheten, og ga fra seg både ringen og et armbånd. Det var veldig sterkt å se de nakne hendene hennes dagen etterpå. Og gudstjenesten søndag ble avslutta med å ødelegge og brenne amulettene!



Varme hilsener fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine, Hild Elida og John Kåre

Familien Sanden, MPN, BP 2402, Bamako, Rep du MALI
Tlf: 223-75 23 55 52 (privat mobil)
E-post: jesanden@combitel.no

For gaver til arbeidet:

Normisjon, Postboks 7153, St. Olavs plass, 0130 OSLO,
kontonummer 1503.02.13537, merk giroen med fam Sandens arbeid eller prosjektnr. 115.70.454

SparebankenVest

- satser på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss



Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

frisør trend

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar

Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1800
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.



Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Trendy kids

Butikken for barn 0-16år
Vi har og stormote for barn
Rong senter - tlf 5638 9122



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel
på
kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

DØDE

Hjelme

Ragnhild Kristine Gjessholm,
Alvheim f. 1934
Olav Martin Sanden, Tednebakkane
f. 1917
Arthur Severin Hellesund,
Tednebakkane f. 1916
Johannes Sigmund Hellesøy,
Tednebakkane f. 1934

Blomvåg

Kari Gjestrum, Knappevegen f. 1924
Berit Sofie Torsvik, Torsvik f. 1948
Marianne Toft Larssen, Dalekletten
f. 1975
Signe Josefine Blom, Laksevåg
f. 1925
Ole Herdlevær, Herdlevær f. 1926
Knut Sæle, Søre Sæle f. 1923

DØYPTE

Hjelme kyrkje:

Mikael Sæle, Rossnes
Eira Sofie Oen Hellesund, Rossnes
Marcus Rong Normann, Rong
Sunniva Ottesen Stølsnes,
Veslevarden
Rositha Knarvik Fjeldstad,
Veslevarden
Josefine Jensen, Blomvåg
Rani Sebastian Tarek Husebø,
Austemarka
Christina Solvang Berntsen, Nautnes
Amelia Vatnvåg Fjeldstad,
Rossnesvegen

TIL LUKKE

70 år:

31.05. Nils Mikkelsen Vik, Vik
07.06. Jorunn H Torkelsen, Nordvik
10.06. Anne Karin Blom, Blomåsen 21
29.06. Berit Venche Flåten, Flotevegen
08.07. Tor Oliver Kleppstø, Raudhammaren 52
22.07. Odd Johannessen Rong, Rong
06.08. Bert Johan Dale, Dale
28.08. Per Vik, Vik

75 År:

02.06. Margit Garatun, Tjeldstø
06.06. Nelborg Oliva Wilhelmsen, Ternholmbakkane Rong
11.06. John Otto Dale, Dale
21.06. Oddlaug Hellesund, Hellesund
26.06. Kirsten Judit Sæle, Blomøyvegen
18.08. Arne Sigmund Ulvolden, Bakken
22.08. Reidar Birger Rong, Austemarka 4
24.08. Anna Rong, Rong

80 År:

01.06. Konstanse Heimark, Arsettunet 38
05.06. Ninni Kristine Rong, Tjødnavegen

08.07. Ragnhild Signe Hellesøy Rong, Vågsbotnen
08.07. Signe Ingrid Sæle, Blomøyvegen
19.07. Bjørg Alvheim, Alvheim
23.07. Ingeborg Marie Kårbø, Dale
23.07. Anny Nygård Sture, Sture
28.07. Margrete Mathilde Torsvik, Rong

85 År:

28.05. John Anfin Haugstad, Knarvikvegen
14.07. Marie Martina Hellesund, Hellesund
25.07. Marie Johanne Hellesøy, Hellesøy
29.07. Valborg Herdlevær, Herdlevær
04.08. Borgny Oline Torsvik, Torsvik
05.08. Magnus Oen Særberget
05.08. Ivar Gerhard Dale, Dale
16.08. Johan Halvorsen, Kleiva

90 År:

06.06. Magnhild Karen Rong, Rong
26.07. Malvin Paul Oen, Oen

95 År:

11.08. Maria Sæle, Tjødnavegen

GUDSTENESTER

- 30.mai** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Nattverd.
- 06.juni** Pardalsmyra kl. 11:00
Friluftsgudsteneste
v/ Svenn Martinsen.
- 13.juni** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiemesse
v/ Svenn Martinsen Nattverd
- 20.juni** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ Egil Hjortland
Dåp. Nattverd.
- 27.juni** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Nattverd.
- 04.juli** Vik bedehus kl. 11:00
Gudsteneste
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 11.juli** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiemesse v/ Svenn Martinsen.
Dåp. Nattverd
- 18.juli** Blom bedehus kl. 17:00
Gudsteneste v/ Egil Hjortland.
Nattverd
- 08.aug** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ vikar. Nattverd.
- 15.aug** Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ vikar. Nattverd
- 22.aug** Hjelme gamle kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
50årsjubileum for konfirmantar.
Nattverd
- 29.aug** Blomvåg kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
50årsjubileum for konfirmantar.
Nattverd

Innkome offer

Blomvåg kyrkje

1. januar Kyrkjelydsarbeidet kr. 1429,50
10. januar Bibelskulen på Bildøy kr. 2073,50
1. april Kyrkjelydsarbeidet kr. 1277,00
(Blom bedehus)
11. april Nordhordland Indremisjon kr. 2495,00
(Blom bedehus)

Hjelme kyrkje

17. januar kyrkjelydsarbeidet kr. 3458,00
24. januar Nødhjelp til Haiti kr. 3425,00
31. januar Det Norske bibelselskap kr. 2713,00
7. februar Det Norske Misjonsselskap
kr. 2121,00
14. februar Normisjon kr. 2892,00
21. februar Den Norske Israelmisjonen
kr. 3535,50
28. februar Kyrkjelydsarbeidet kr. 1378,00
7. mars Norsk Luthersk Misjonssamband
kr. 2216,50
14. mars Bibelskulen på Bildøy kr. 2208,50
21. mars Familie og Medier kr. 3413,00
28. mars Kyrkjelydsarbeidet kr. 3119,00
4. april Normisjon- prosj. Sanden kr. 5584,50
14. april Konfirmantarbeidet kr. 3116,00
18. april Nordhordland Indremisjon kr. 2214,00

Takk

for all vennlig omsorg og blomsterhilsner ved vår kjære **Berit Sofie**

Torsvik sin bortgang

Takk til alle som var med oss i begravelsen og minnestunden.

Hjertelig takk til Heimetenesta, kreftsykepleier Eli, lege Ingrid Rebnord og en stor takk til Haukeland Sykehus for god omsorg og pleie.

Takk til prest Svenn Martinsen

Normann, Hildegunn og Vivian med familier

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG



Skjergardsheimen, ein sprek 35åring!

Onsdag 24. mars var det årsmøte i Skjergardsheimen. Ei fyldig årsmelding viste stor aktivitet på leiarstaden gjennom heile året.

Det er Jan-Owe Jensen som står for den daglege drifta, medan Audun Sæle har vore styreleiar.

Av Odd N. Thormodsæter

-Korleis har du opplevd arbeidet på Skjergardsheimen det siste året, Audun?

Året 2009 har vore det mest hektiske driftsåret på lenge. Godt belegg på weekendar, stort belegg på sommarleiar og rekordstort belegg på leirskular har gjort at drifta har bore seg godt.

-Korleis går det med økonomien?

I 2009 hadde vi eit overskot på kr 134.000 før avskrivningar, noko vi er særst nøgde med.

Men det er klart at når aktiviteten aukar, aukar også utlegga.

-Har de gjort nye investeringar dei siste åra?

I 2008 kjøpte vi naust med to tomter og flytebrygge. Dette har ført til eit mykje betre miljø for sjøaktivitetane våre. Det å eiga sjølv gir oss eit betre grunnlag for å planleggja framtida.

-Kva aktivitet er det som har auka mest siste året?

Då må eg først og fremst nemna leirskuleopplegget som har auka med 28%. Dyktige leirskulelærarar, saman med dagleg leiar har gjort eit uvurderleg arbeid inn mot dette opplegget.

Det er også verd å merka seg alle som kjem "utanfrå" og legg weekenkurs hit. Skjergardsheimen er på denne måte ein viktig pr-kanal også for Øygarden kommune.

-Korleis går det med barneleirane som kyrkja står for?

Dei fire leirane som vart avvikla i fjor hadde til saman 183 deltakarar. (Leirdagen for 1. og 2. kl. vart lagt til Hjelme kyrkje og tel ikkje med i dette deltakartalet). Dette talet må vi seia oss godt nøgde med. Dei fleste barn og unge i Øygarden kjenner difor til Skjergardsheimen gjennom leirarbeidet.



Det nye styret i Skjergardsheimen.

1. rekke frå venstre: Geir Dale, Anita Dāvøy, Råmund Skjold.

2. rekke: Audun Sæle, Olaug Hatten, Ove Dāvøy og dagleg leiar Jan-Owe Jensen.

Etter valet er desse med i styret for Skjergardsheimen:

Audun Sæle, Geir Dale, Råmund Skjold, Olaug Hatten, Anita Dāvøy,

Vara: Ove Dāvøy, Henning Sandøy og Kari S. Rong.

I eit konstituerande møte har styret valt Audun Sæle til leiar og Geir Dale til nestleiar.

Faktaopplysningar

Overtatt frå kommunen i 1975

Barnehagen starta i september 1975

Vigsling av bygget med ferdige overnattingsplassar på loft i 1978

Oppstart leirskule i 1980. Skjergardsheimen fekk eineansvar for drifta frå 2004

Utbygging av peisestove, wc, entre og matsal i 1982

Øygarden kommune overtok drifta av barnehagen i 1990

Ny overnattingsfløy i 1996

Utbygging av matsal og ombygging av barnehageavdeling til overnattingsplassar i 2006

Kjøp av sjøtomt i 2009

Antall sengeplassar 70.

Antall stillingar: 1 heiltid, 4 deltid kjøken/reinhald. 2 deltid leirskule.

Budsjett 2010 kr. 2 500 000,-